

Dokument nr. 8:27.

(1998-99)

Forslag frå stortingsrepresentantane Lars Gunnar Lie, Jørgen Holte og Terje Johansen om midlertidig å gjeninnføre ordninga med frakttilskot over statsbudsjettet frå 1. februar 1999 og fram til og med 30. juni 1999.

Til Stortinget.

Bakgrunn

Regjeringa la i St.prp. nr. 1 (1998-99) Arbeids- og administrasjonsdepartementet fram forslag om avvikling av ordninga med pristilskot for drivstoff over statsbudsjettet med verknad frå 1. januar 1999. Regjeringa foreslo å erstatte denne ordninga med ei sjølvfinansierande fraktutjammingsordning. Nødvendige lovendringar vart fremma i Ot.prp. nr. 22 (1998-99).

Innstillinga frå finanskomiteen (Innst. O. nr. 26 (1998-99)) syner at det ikkje er fleirtal for å innføre Regjeringa sitt forslag frå 1. januar 1999. Handsa-

minga av statsbudsjettet for 1999 viser at det heller ikkje vart lagt inn nødvendige løyvingar for å vidareføre ordninga med pristilskot for drivstoff, inntil ny ordning blir iverksett.

Forslagsstillarane ser det som uheldig at ein no står utan nokon ordning for å sikre prisutjamning på drivstoff. I ein overgangsperiode inntil Regjeringa får lagt fram nytt forslag og eventuelt ny ordning er på plass, går forslagsstillarane inn for å gjeninnføre ordninga med frakttilskot over statsbudsjettet frå 1. februar 1999 og fram til og med 30. juni 1999.

Forslag

På denne bakgrunn vil forslagsstillarane leggje fram følgjande

f o r s l a g :

I.

Ordninga med frakttilskot over statsbudsjettet for bensin og autodiesel som vart oppheva frå 1. januar 1999, blir gjeninnført frå 1. februar 1999 og fram til og med 30. juni 1999.

II.

På statsbudsjettet for 1999 vert gjort følgjande endring:

Kap. 1560 Pristilskudd

70 Til regulering av forbrukerprisene,

vert auk a med kr 47 500 000
frå kr 48 238 000 til kr 95 738 000

20. januar 1999.